



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2

(2008–2009)

---

## FOR BUDSJETTÅRET 2009

### Om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for 2009

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 31. oktober 2008,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

#### 1 Bakgrunn

Det er naudsynt å korrigere inntektsoverslaget i St.prp. nr. 1 (2008-2009) under kap. 5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE), post 24 Driftsresultat. I utrekninga av staten sine inntekter frå SDØE vart det lagt til grunn for høge volum for lettolje/kondensat. Det har igjen ført til at det er estimert eit for høgt samla inntektsoverslag under SDØE.

Inntektsoverslaget skulle samla vore estimert til 191 800 mill. kroner. Forslaget i St.prp. nr. 1 (2008-2009) er på 204 100 mill. kroner. Dette fører til ei nedjustering av overslaget for 2009 på 12 300 mill. kroner.

#### 2 Forslag

Med bakgrunn i ovannemnde blir det foreslått løyvd 126 100 mill. kroner under kap. 5440, post 24 Driftsresultat, mot tidligare foreslått 138 400 mill. kroner.

Netto kontantstraum frå SDØE estimerast no til 122 900 mill. kroner mot tidligare estimat i St.prp. nr. 1 (2008-2009) på 135 200 mill. kroner, ein reduksjon på 12 300 mill. kroner.

Som følge av ovannemnde blir det foreslått løyvd 394 840 mill. kroner under kap. 2800 Statens pensjonsfond - Utland, post 50 Overføring til fondet, mot tidligare foreslått 407 140 mill. kroner.

Det blir vist til melding frå StatoilHydro ASA om auka utgifter knytt til Snøhvit. SDØEs del av dei auka utgiftene i 2009 utgjer om lag 300 mill. kroner i investeringar og om lag 250 mill. kroner i driftsutgifter. Det er knytt uvisse til om desse auka utgiftene vil føre til endringar i forslag til løyvingar under kap. 2440, post 30 og kap. 5440, post 24.2. Dette har samanheng med den generelle uvisse knytt til gjennomføring av planlagte aktivitetar i SDØE-portefølja gjennom året. I tillegg er det knytt uvisse til om uroa i finansmarknadene vil føre til utsetjing og omprioritering i andre investerings- og oppgraderingsprosjekt, som er planlagt gjennomført i 2009. Dersom det skulle skje, kan investerings- og driftsutgiftene på andre felt bli mindre enn budsjettet. Olje- og energidepartementet vil kome tilbake til ovannemnde endringar i revidert budsjett for 2009.

Det vil bli gitt ei utgreiing om kostnadsutviklinga for Snøhvit i Olje- og energidepartementets proposisjon om endringar i statsbudsjettet for 2008.

Tabell 2.1 Sammenstilling av justert overslag og opphavleg forslag til løyving i St.prp. nr. 1 (2008-2009) under kap. 2440/5440 SDØE (i mill. kroner):

| Kap./post                    |         |                                                  | St.prp. nr. 1 | Justert overslag |         |
|------------------------------|---------|--------------------------------------------------|---------------|------------------|---------|
| Underpost                    | Nemning |                                                  | for 2009      | for 2009         | Endring |
| 2440                         | 30      | Investeringar .....                              | 25 200        | 25 200           |         |
|                              | 50      | Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond | 1 500         | 1 500            |         |
| Sum kap. 2440                |         |                                                  | 26 700        | 26 700           |         |
| 5440                         | 24.1    | Driftsinntekter .....                            | 204 100       | 191 800          | -12 300 |
|                              | 24.2    | Driftsutgifter .....                             | -38 900       | -38 900          |         |
|                              | 24.3    | Leite- og feltutviklingsutgifter .....           | -3 300        | -3 300           |         |
|                              | 24.4    | Avskrivningar .....                              | -17 000       | -17 000          |         |
|                              | 24.5    | Renter av statens kapital .....                  | -6 500        | -6 500           |         |
|                              | 24      | Driftsresultat .....                             | 138 400       | 126 100          | -12 300 |
|                              | 30      | Avskrivningar .....                              | 17 000        | 17 000           |         |
|                              | 80      | Renter av statens kapital .....                  | 6 500         | 6 500            |         |
| Sum kap. 5440                |         |                                                  | 161 900       | 149 600          | -12 300 |
| Kontantstraum frå SDØE:      |         |                                                  |               |                  |         |
|                              |         | Innbetalningar <sup>1</sup> .....                | 204 100       | 191 800          | -12 300 |
|                              |         | Utbetalningar <sup>2</sup> .....                 | 68 900        | 68 900           |         |
| Netto kontantstraum frå SDØE |         |                                                  | 135 200       | 122 900          | -12 300 |

<sup>1</sup> Innbetalningar = driftsinntekter + overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond.

<sup>2</sup> Utbetalningar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + investeringar + overføring til Statens petroleumsforsikringsfond.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under  
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om  
endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for 2009.

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for 2009 i samsvar  
med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet 2009

### I

I statsbudsjettet for 2009 blir det løyvd under følgjande kapitler:

#### Utgifter:

| Kap. | Post | Formål                                                                    | Kroner          |
|------|------|---------------------------------------------------------------------------|-----------------|
| 2800 |      | Statens pensjonsfond - Utland                                             |                 |
|      | 50   | Overføring til fondet .....<br>mot tidligere foreslått kr 407 140 000 000 | 394 840 000 000 |

#### Inntekter:

| Kap. | Post | Formål                                                            | Kroner          |
|------|------|-------------------------------------------------------------------|-----------------|
| 5440 |      | Statens direkte økonomiske engasjement i petroleums-<br>verksemda |                 |
|      | 24   | Driftsresultat.....<br>mot tidligere foreslått kr 138 400 000 000 | 126 100 000 000 |
|      |      | Spesifikasjon:                                                    |                 |
|      |      | Driftsinntekter .....                                             | 191 800 000 000 |
|      |      | Driftsutgifter .....                                              | -38 900 000 000 |
|      |      | Leite- og feltutviklingsutgifter.....                             | -3 300 000 000  |
|      |      | Avskrivningar.....                                                | -17 000 000 000 |
|      |      | Renter av statens kapital.....                                    | -6 500 000 000  |
|      |      |                                                                   | 126 100 000 000 |